

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Juledag – 25. desember 2020

Preiketekst: Joh 1,1-14
Lesetekst 1: Ordt 8,1-2.22-31
Lesetekst 2: Hebr 1,1-6

«Ordet vart menneske...»

Om dagen

Sjølvaste juledag. Korleis feiringa blir i år er ikkje godt å seie. Når juleaftan berre kan ta unna trykket av besøkande i avgrensa grad, kan det hende at ein del, særleg aktive truande, i år heller søker til julegudsteneste juledag. Det ville ikkje vere det verste som kan skje. Juledag er høgtidsdagen då vi feirar det store underet at Gud blei menneske, inkarnasjonen. Radikaliteten i dette ser vi på ein måte der Guds son blir sveipt og ligg i ei krybbe. Kontrasten til dette blir klar når vi denne dagen blir presentert for han som også heilt og fullt er ovanfrå.

Om teksta

Preiketeksta løftar oss verkeleg opp på ørnevinger. Vi får eit glimt av korleis jula sitt under ser ut ovanfrå og er guddommeleg regissert. Om vi hadde sett nærare på ein analyse av teksta (1,1-18) si oppbygging hos Johannes, ville vi på rimeleg vis kunne vise at vers 12 og 13 blir et slags sentrum i avsnittet. At Gud blei menneske og at Ordet steig inn i verda med liv og lys, siktar mot at vi ved trua får bli Guds barn (v.12). Liksom Jesus, det evige Ordet, blei fødd inn i verda ved Andens verk gjennom ei vanleg kvinne, blir vi fødde på nytt til borgarskap i Guds rike ved Andens suverene inngrep (v.13; Joh.3,5).

Logos som namn på Guds son

Men teksta starta ikkje der. Den fører oss til opphavet og til han som blir kalla Ordet. Det er ei omsetting av det greske logos som ikkje primært betyr «ord» i reint verbal tyding. *Logos* er eit ord med rike nyansar. I gresk kontekst har det med seg tydingar som livsprinsipp, meiningssamanheng og verdsfornuft. Det som derimot synes framand for ein gresk kontekst, er å knytte det til ein konkret person. Når Johannes gjer det, må vi til den jødiske konteksten for å søke den nærare tydinga.

Logos blei nytta av den gresk orienterte jødiske filosofen Filon i Alexandria, ein eldre samtidig av Jesus. Sann sett gav det meining i samtida når evangelisten tok ordet i bruk. Samtidig som Johannes nyttar eit omgrep som kunne kommunisere, sprenger han likevel samtida si forståing, og han hamnar ikkje i gresk filosofisk spekulasjon. Først og fremst spelar han på personifiseringa av visdommen i Ordtaka 8. Rett nok omset han ikkje det

hebraiske *hokma/chokma* med det greske *sofia*, som hadde vore naturleg, også fordi begge orda er i hokjønn, slik visdom ofte er (!). Kanskje ville han nettopp unngå det, fordi *logos* her blir namnet på ein person, Jesus, og han var utan tvil nettopp ein mann.

Jødisk tvers gjennom

Den sterke jødiske samanhengen kjem også fram ved at starten på det mest jødiske av alle NT sine brev også er lesetekst. Ordets komme til verda blir sett saman med den rekka av openberring som Gud hadde kome med til profetane, men som no endeleg, fullkomen og oppfylt er å finne i Jesus, «utstrålinga av Guds herlegdom og bildet av hans vesen» (Heb 1,3).

Det markant jødiske ved Johannes-prologen kjem fram også på andre måtar. Starten minner umiddelbart om starten på heile Bibelen, om Guds store skaparakt. No startar den store nyskapinga, ved han som alt blei skapt ved. Denne skaparakta er, som den første, ei nyskaping av livet når lyset frå Gud igjen bryter inn. «Mørkret låg ... då sa Gud: Bli lys!» Som vitne til det nye står Elia sin oppfølgar, Johannes, og utøver si profetiske teneste, slik også GT hadde sagt føre. Til slutt blir Ordets inkarnasjon karakterisert på ein måte som kvar jøde i samtida ville fatte umiddelbart ved at han «tok bustad mellom oss» (v.14), eller slo opp tabernakelet sitt mellom oss, som ligg i det greske ordet. Jesus er no Guds sanne nærvær på jorda. Tidlegare hadde han late sin herlegdom bu i tabernakelet og tempelet. No har Gud kome nær i Jesus, han som sjølv sa at han er det nye tempelet (Joh 2,21), og det blir for alvor openberra for oss at Guds herlegdom er «nåde og sanning» og ikkje lova sin veg (v.17).

Misjon som inkarnasjon

Slik ser vi at Johannesevangeliet ikkje er ei gresk filosofisk dreieing av evangeliet, slik kritiske forskarar for nokre tider sidan la vekt på. Evangeliet er djupt forankra i jødisk tru, men med evne til å formidle dette i eit formspråk som kunne forståast i gresk kontekst. Det grepet er i pakt med jula sin sentrale bodskap. Slik Gud blir menneske i Jesus, skal vi som Jesu kropp følgje han i stadig nye kulturar og der gjere gode omsettingar av evangeliet, og av Bibelen. Vi skal ta vare på den varige og berande sanninga i Ordet, samtidig som kler Ordet i språk- og kulturdrakter som gjer Jesus tilgjengeleg for stadig nye menneske og folkeslag. Hensikta med Jesu kome er å lyse «for kvart menneske» (v.9). Den afrikanske missiologen Lamin Sanneh gjer nettopp eit poeng av at evangeliet tvingar seg til omsetting, fordi det søker å krysse grense inn til menneske og folkeslag. Slik må inkarnasjonen halde fram i kyrkja sin misjon.

Sjølv om bibelomsettinga vår no er ni år, rykker det framleis i mange av oss i nokre av grepa i omsettinga. Eg er blitt glad i dei, fordi dei gir meir meining enn tidlegare. Det som blei til i han, var liv, og lyset i dette livet kan ikkje overvinnast (v.3f). Mørkret kan avvise det og framleis ver lukka inne i seg sjølv, men det er lyset som har all krafta i seg.

Om preika

Korleis forkynne noko nytt over den teksta som alltid er forkynt denne dagen? Kanskje skal vi ikkje alltid søke det nye, men heller konsentrere oss om å løfte fram det som i går og i dag og til evig tid har berekraft. Juledag er, som påskedag, litt der. Teksta er så spekka av innhald at resultatet uansett må bli eit utval. Vi må i alle fall få fram det Grundtvig skriv i ein påskesalme, «så du kun i mine tanker er den dype sammenheng». Då er vi ved sjølv Logos. Kanskje skal vi også tenke at der julaftan spenner brua frå Himmelen til stallen, må juledag få spenne brua frå Himmelen til våre hjarte. Ørna, som Johannes med si store høgde gjerne

bli samanlikna med, må lande, slik teksta også gjer, så vi kan ta imot han som kom, når han ved evangeliet på nytt kjem til hjarta våre. Predikanten må sørge for at han som rett nok kom frå, og retteleg tilhøyrer, «det høge og heilage», også stig inn «hos den som er knust og nedbøygd i ånda» (Jes 57,15). Bodskapen juledag må ikkje bli så svulstig at ikkje evangeliet når fram til meg og lyser opp i mitt mørke.

Jesus er lysets og livets Herre i dødens og mørkets verden. Skal det konkretiserast? På sett og vis er vel folk lei av korona-aktualisering. Her får predikanten lytte seg inn i samtida og konteksten i dagane fram mot jul. Pandemien er blitt til død for mange, men i Norge er jo faktisk færre døde av virus i 2020 enn i eit normalt år. Vi slit meir med at vi må avgrense den sosiale livsutfaldinga vår. Mange slit med at pandemien tar frå dei den store livssamanheng. Kanskje er det ei bru inn til å seie noko om Jesus som Logos, og i han få kjenne Gud og høyre til i den samanhengen vi alle er skapte til. Han har slått opp sin bustad midt mellom oss. Slik kjenner han våre vilkår, og slik inviterer han oss til tru i møte med tvil, til åndeleg lys der mørke tankar ikkje ser nokon veg og til evig liv der dødens angst har vunne rom.

Rolf Kjode

Førstelektor NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@nla.no